



**Eigarskapsmelding
Bjørnafjorden kommune
Del III – Selskapsspesifikk
eigarstrategi for**

**Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS
(BUS)**

Org nr: 928 458 857

Innhald

1 Innleiing – Eigarstrategi - formål	4
2 Eigars formål – kommunen sitt formål med eigarskapet.....	5
3 Fakta om selskapet	6
4. Eigars krav til selskapet.....	7
4.1 Selskapet sitt samfunnsansvar.....	7
4.2. Selskapsstrategi.....	7
4.3 Eigarmøte/dialogmøte med eigar	7
4.4 Eigarskap i andre selskap	7
4.5 Resultatmål.....	7
4.6 Rapportering	7
5 Interesse- og rollekonflikter.....	8
6 Evaluering av eigarstrategien	8
7 Vedlegg	8

1 Innleiing – Eigarstrategi - formål

Bjørnafjorden kommune har utarbeidd ei tredelt eigarskapsmelding som har til hensikt å gje ein heilskapleg eigarstrategi for dei eigarpostane kommunen har i ulike selskap.

Eigarskapsmeldinga del I – Generelle prinsipp - skildrar dei overordna prinsippa for kommunen si forvaltning av sine eigarposisjonar i selskap, foretak og andre fora.

Eigarskapsmeldinga del II – Selskap og eigarskap – viser oversikt over dei ulike eigarskapa og kommunen sitt formål med eigarskapet per selskap. Denne syner også selskapet sitt formål og nøkkeltal. Eigarmeldinga del II inngår som ein del av kommunen si årsrapportering og handsamast soleis ein gang i året.

Eigarskapsmeldinga del III – Selskapsspesifikk eigarstrategi – er nettopp det. Kommunen sin spesifikke eigarstrategi for dei selskapa som kommunen har ein særskilt interesse i, slik som heileigde kommunale aksjeselskap og kommunale foretak. Denne omfattar formål med eigarskapet, krav til selskapet, selskapet sin strategi m.v.

Samla sett utgjer dette Bjørnafjorden kommune sin eigarskapspolitikk. Eigarskapspolitikken skal bidra til føreseielege styringssignal som kan sikre langsiktig verdiskaping, samfunnsmessig og/eller finansielt, i selskapa. Den samla eigarskapsmeldinga skal vere eit overordna politisk styringsinstrument for kommunale føretak og for verksemdar som er lagt til eit anna rettssubjekt, ei vertskommune eller til anna interkommunalt organ.

Målet er at selskapa, gjennom eigarskapsmeldinga, skal få klarare styringssignal frå eigar, herunder forventningane til det einskilde selskapet. Dette vil særleg kome fram i del III, dei selskapsspesifikke eigarstrategiane.

Den selskapsspesifikke eigarstrategien blir utarbeidd individuelt for kvart selskap. Dette blir gjort av eigar i samråd med selskapet og selskapet sitt styre. Eigarstrategien vedtakast av kommunestyret. Eigarstrategien utdyper formålet med selskapet, fastsetter overordna målsettingar og tydeleggjer eigars krav, rammer og forventingar til selskapet sin drift og til selskapet sitt styre. Eigarstrategien skal uttrykke dei mål, tiltak og prioriteringar kommunen har satt overfor selskapet. Eigarstrategien skal utdjupe og supplere eigarskapsmeldinga del I og II. Om desse ikkje er i samsvar har eigarskapsmeldinga del I og II forrang.

2 Eigars formål – kommunen sitt formål med eigarskapet

BUS AS sitt føremål er å bidra til vekst og verdiskaping gjennom eigedomsutvikling, sal og forvaltning.

Målsettinga for selskapet er gjennom kostnadseffektiv areal og eigedomsutvikling å utvikle framtidsretta og berekraftige løysingar for lokale, regionale og nasjonale verksemdar, herunder å eige og forvalte, heilt eller delvis, eigedomsmasse.

Selskapet skal forestå utvikling, utbygging og sal av industri- og forretningsområder i Bjørnafjorden kommune. Selskapet kan også bebygge områder for sal eller utleige, og delta i andre utbyggingsprosjekt eller selskap saman med andre interessentar.

Det overordna formålet med etableringa er forretningsmessig og skal ivareta mellom anna:

- ☐ at Bjørnafjorden kommune har langsiktig strategisk planlegging, styring og kostnadseffektiv utbygging av næringsareal i Bjørnafjorden kommune, og utviklingsoppgåver som naturleg er tilknytt til dette.
- ☐ å utvikle næringseigedomar i Bjørnafjorden kommune gjennom aktivt eigarskap og kjøp/sal.
- ☐ at BUS AS skal fungere som kommunen sitt operative reiskap der dette er ønskeleg v/utbygging/sikring av prioriterte bustad-, nærings- og infrastrukturprosjekt.
- ☐ At kommunen gjennom BUS skal opplevast som ein profesjonell samarbeidspartnar.
- ☐ At selskapet si drift skal gi positiv avkastning (utbytte) til eigar (kommunen).

3 Fakta om selskapet

Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS blei stifta 4. november 2021 med følgende føremål registrert i Brønnøysundregistrene:

Bidra til vekst og verdiskaping gjennom eigedomsutvikling. Målsettinga for selskapet er gjennom areal og eigedomsutvikling å utvikle framtidsretta og berekraftige løysingar for lokal, regional og nasjonal verksemder, herunder å eige og forvalte, heilt eller delvis, eigedomsmasse. Selskapet skal forestå utvikling, utbygging og sal av industri- og forretningsområder i Bjørnafjorden kommune. Selskapet kan også bebygge områder for sal eller utleige, og delta i andre utbyggingsprosjekt eller selskap saman med andre interessantar.

Bjørnafjorden kommune er eineigar av selskapet. Selskapet har ein aksjekapital på kr 5 100 000,-

Selskapet sitt hovudkontor er i Lyseparken, Halhjemsvegen 2, 5212 Søfteland.

Selskapet har ved oppstart ein fast tilsett (dagleg leiar) supplert av arbeidande styreleiar som kompenserast for dette.

Styret består av fem faste medlemmar og tre varamedlemmar. Varamedlemmane deltek også på styremøta med tale og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

BDO AS er autorisert revisjonsselskap. ECIT OS AS er autorisert rekneskapsførar.

Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS er gitt generalfullmakt frå eigar til å ivareta kommunen sine interesser, herunder forhandle om og selje areal, i Lyseparken og på Samnøy.

Det har blitt gjennomført to fusjoner etter at BUS blei stifta. Vestskog AS er fusjonert inn i BUS. Dette var eit selskap som blei stifta for å bygge og drifte tømmerkai på Samnøy. Vidare har Os Bygg og Eigedom AS også blitt fusjonert inn i BUS inkludert areal tilstøtande Lyseparken, i Gåsakilen og på Ferstad.

4. Eigars krav til selskapet

4.1 Selskapet sitt samfunnsansvar

Selskapet skal driftast i tråd med ein kvar tid gjeldande lovar og regler. Selskapet skal ta gode etiske og ansvarlige valg når det gjeld både sosiale, økonomiske og miljømessige forhold.

4.2. Selskapsstrategi

Selskapet realisere varige gevinstar ved at verksemdar med god økonomi og gode fremtidsutsikter, konkurransekraft og innovasjonskraft vel å etablera seg i Bjørnafjorden kommune

Omsynet til varige og tilrettelagte arbeidsplassar i kommunen skal vektast høgt.

Styret i BUS AS skal frå og med 2025 utarbeida ein langsiktig selskapsstrategi basert på Bjørnafjorden kommune sin samla eigarskapsstrategi for selskapet. Selskapsstrategien skal rullerast kvart år og drøftast i eigarmøte (formannskapet).

Styret skal også utarbeide styreinstruks og årshjul for styrets arbeid, samt rutinar for opplæring og styreevaluering.

4.3 Eigarmøte/dialogmøte med eigar

2 ganger i året minimum, elles ved behov, formannskapet er eigarmøte. Sakspapirer til generalforsamling skal drøftast i formannskapet på forhånd og må vere klare i god tid til dette.

4.4 Eigarskap i andre selskap

Dette gjeld selskapet sitt eigarskap i andre selskap. Styret må gjere greie for dette, inkl formålet med slik eigarskap.

Lyseparken Energi AS – no saman med Eviny. BUS har ein eigarandel på 50%, styreleiar og eitt styremedlem.

4.5 Resultatmål

Eigar har forventning om stabilt utbytte frå BUS AS på +/- 15 MNOK pr år i perioden 2026-28. Utbytte for det einskilde år vert drøfta av eigar og styret i BUS AS på hausten i forkant av Bjørnafjorden kommune sin budsjettprosess.

4.6 Rapportering

Selskapet si rapportering til eigar skal skje på følgjande måte:

- Det skal utarbeidast årleg årsmelding for selskapet, sjølv om dette ikkje er lovkrav i aktuell selskapsform. Årsmeldinga skal rapportera i henhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi. Årsmeldinga skal særleg vise i kva grad selskapet oppfyller eigar sine forventningar og selskapet sine egne mål, gje informasjon om vesentlege endringar, økonomisk utvikling og investeringsbehov for selskapet
- Utarbeide resultatrapport, balanse, noter til årsrekneskapen og ei årsberetning frå styret
- Selskapet skal rapportere til eigar når det foreligg vesentlege avvik frå forventa resultat
- Rapportering om korleis selskapet ivaretek sitt samfunnsansvar
- Resultatet av styret sin eigaevaluering

5 Interesse- og rollekonflikter

Bjørnafjorden kommune kan vere både eigar, leverandør, kunde og mynde i høve selskapet. Kommunen er merksam på moglege interesse- og rollekonflikter i samband med selskapet si verksemd.

Om selskapet i hovudsak har eit forretningsmessig formål, skal moglege interesse- og rollekonflikter handterast gjennom selskapet sine ordinære beslutningsfora. Forhandlingar og diskusjonar mellom selskapet og kommunen sine ingar/andre verksemdar skal løysast mellom selskapa og ikkje på eigarnivå.

Selskapet skal vere særleg merksam på eventuelle interesse- og rollekonflikter i selskapet og i selskapet si drift.

6 Evaluering av eigarstrategien

Eigarstrategien skal evaluerast kvart fjerde år eller ved behov. Evalueringa skal bli foretatt i etterkant av kommunen si revidering av eigarskapsmelding del I.

7 Vedlegg

Eigarskapsmelding del I – Generelle prinsipp

Eigarskapsmelding del II – Selskap og eigarskap